

# ÅRSMELDING FOR FRIBERG KINO 2000

Friberg kino er ein av aktivitetene til Balestrand ungdomslag (BUL).

## **Styret:**

Styret har hatt møte 26.april 2000.

Leiar og kasserar: Merete Sande, BUL

Nestleiar: Monica Bondevik Dale, BUL

Styremedlemer:

Frå utval for kultur og næring: Odd Atle Linde

Varamedlem: Lars Sjøtun

Kinosjef Marianne Hoff er sekretær for styret.

## **Faste medarbeidarar:**

Marianne Hoff og Merete Sande har delt på kinosjefarbeidet.

Merete har elles vore økonomiansvarleg og maskinist.

Monica Lerheim har hatt hovudansvaret for snopsalet.

I tillegg har ungdomsgruppa vore med i snopsal, som dørvakter og i ryddinga.

Desse er: Ina Borlaug, Marit, Astrid og Gunhild Ro, Solveig Eithungjerde Høyvik og Grete Olin Engan.

Alle har hatt ansvar for å drive reklame for filmene.

## **Representasjon:**

Kinosjef Marianne Hoff møtte på årsmøtet til Norske kinosjefers forbund.

Ho har vore leiar av Norsk kinoforbund (NKF) også i 2000 og deltok på NKF sitt årsmøte ilag med Merete Sande, som er medlem i valnemnda.

Marianne har som leiar i NKF vore delegat til Norske kinosjefers forbund (mars) og

Kommunale kinematografers landsforbund (KKL) sitt landsmøte i Bergen i juni.

Merete deltok på årsmøtet til Balestrand Bygdahus L/L.

## **Deltaking på filmtreff og festivalar**

Januar: Marianne og Merete var på Filmfestivalen i Tromsø

Mars: Marianne, Merete & Monica på filmtreff i Oslo

April: Merete på filmtreff i Oslo

August: På Filmfestivalen i Haugesund: Marianne, Merete, Marit og Ina

Oktober: Merete på filmtreff.

Marianne, Merete, Monica og Astrid deltok på BIFF dvs. Bergen internasjonale filmfestival.

November: Merete deltok på filmtreff i Oslo.

Ingen politiskar eller repr. for kulturkontoret deltok i 2000.

Kort vurdering: Deltaking på filmtreff og festivalar er avgjerande for å kunne velje og «selje» film til publikum lokalt. Kontakten med m.a. kollegaer i kinobransjen og filmsjefane i byråa er uvurderleg. Medarbeidarar vel difor slike arenaer framfor å ta ut løn / godtgjersle.

Film & Kino gir reise- og opphaldsstøtte minus eigenandel for ein frå kvar kino.

Norsk kinoforbund dekkjer eigenandelen til Marianne grunna kombinasjon med styremøter.

Dette gir mindre utlegg på kinoen.

## **Aktiviteten til kinoen i 2000:**

### **A. Filmtilbodet:**

Vi har synt 73 filmar (62 i -99) og hatt tilsaman 105 framsyningar (95 i -99); dvs. ein auke på 11 filmar og 10 framsyningar. (Ny rekord i tal framsyningar?)

Tilsaman var 3.695 personar på kino og billettinntektene vart kr. 137.075,-

Det var eit snitt på 50,6 besøkande pr. film.

Til samanlikning var tala for 1999: 3.414 personar og kr.126.205,- i billettinntekter + eit snitt på 55 besøk pr. film. Snittet pr. film har såleis gått ned medan vi elles har hatt ein oppgang på 281 personar frå 1999 ( ca. 8 %) og er det beste besøket på 10 år. (I 1990 var besøkstalet 3.799.)

Dei 3.695 besøkande fordelte seg på 2.688 vaksne og 1007 born.

I tal vaksne er det innrekna også born og ungdom på kveldsframsyningar.

<b>Dei best besøkte filmene</b>	<b>besøkstal</b>	
1. AMERICAN PIE	146	
2. FLUKTEN FRA HØNSEGÅRDEN		141
3. THE BEACH	139	
4. TOY STORY 2	138	
MISSION IMPOSSIBLE 2	138	
6. JEG,MEG OG IRENE		127
7. MORMOR OG DE 8 UNGENE I BYEN	110	
8. DA JEG TRAFF JESUS..MED SPRETTERT	107	
9. STUART LITTLE		104
10. DET BEGYNNER I DAG		102
11. DEN SJETTE SANSEN		91
12. DINOSAUR		88
13. TARZAN	(76 i 1999)	80
(totalt 156)		
14. AMERICAN BEAUTY		79
15. SOUTH PARK		76
16. GUBBEN OG KATTEN		74
17. INSPEKTØR GADGET	73	
18. THE BLAIR WITCH PROJECT		71
PATRIOTEN	71	
20. MORMOR OG DE 8 UNGENE I SKOGEN	70	
<b>Norske filmar:</b>		
MORMOR OG DE 8 UNGENE I BYEN	110	
DA JEG TRAFF JESUS..MED SPRETTERT		107
MORMOR OG DE 8 UNGENE I SKOGEN		70
FOMLESEN I KATTEPINE	60	
DETEKTOR	37	
BARNAS SAMLINGSTUND		26
EVAS ØYE	16	
HELSEREISEN		12
KONGEN SOM VILLE HA MER ENN EN KRONE		9
ABERDEEN	9	

Mange av desse norske filmene hadde fortent eit større publikum!

### **B. Skulekino:**

**Besøket på skulekino / barnehageframsyning var totalt 231 besøkande og ga ei billettinntekt på kr. 4.900,- :**

Mormor ..i byeb: 84= kr. 1.675,- barnehage / skule

Det begynner i dag: 97 = kr. 2.250,- Sygna vg.

Gubben og katten: 50 = kr. 975,- Barnehagane Sagatun og Nesse

Barnehagane og grendaskulane har som nevnt nytta tilbodet vårt.

Det har vore vanskelegare å få til faste opplegg med skulane.

Etter den nye mønsterplanen bør det eigentleg vere sjølsagt med bruk av film i undervisninga.

Dette er eit servicetilbod frå kinoen som vi tykkjer er viktig.

**Vurdering:**

Satsinga ga ein positiv auke i kinobesøket!

**C. PR-arbeidet:**

Viktigaste opplysningsreiskapen vår er framleis foldaren som går til alle husstandar 4-6 gonger i året. (Gjennom annonser i foldaren har vi fått dekka trykkeutgiftene.)

I tillegg til oppslagstavla på Holmatunet og oppslag rundt om på viktige

bygningar/treffplassar, har vi nytta Firda avis sitt "Det skjer" og ikkje minst annonser i Sogn Avis etter spesialavtale!

Vi har gratis annonser hjå dei og dei har gratis annonse på kinoen.

Dessutan har vi nytta «munn-til-munn»-metoden; antakeleg til det kjedsommelege for våre medmenneskjer...

Oppslag i avisene:

\* Firda, Sogns Avis og Ytre Sogn har hatt oppslag i samband med nytt program, Den store kinodagen eller spesielle filmar.

**Økonomi:**

Økonomien er framleis basert på stor dugnadsinnsats og tilskot frå Balestrand kommune (kr.30.000,-) for å halde seg flytande.

Som rekneskapen syner vart det eit lite underskot i 2000 på kr. 1.592,12.

Posten reiser / opphald er stor grunna stor deltaking på filmtreff og festivalar jfr. tidlegare punkt i årsmeldinga.

Videokurset med tilskot og utgifter kom delvis på rekneskapen for 1999 og i år 2000.

**Arbeidet vidare:**

\*\*\* Mål: Å oppretthalde eigen kino i Balestrand.

Friberg kino vert sjølsagt påverka av sentrale vedtak. Så lenge Filmleigeavtalen fungerer kan vi til ei viss grad ha formeiningar om framtida for kinoen. Samstundes veit vi at så små kinoar som vår er nedleggingstrua om ein legg rasjonelle føringar til grunn. Publikum krev god lyd og bilete pluss god komfort i kinosalen. Den teknologiske utviklinga krev at vi oppjusterer utstyret.

Vi som driv kinoen meiner at det er viktig å samarbeide med nabokinoane t.d. kring kvalitetsfilmar, marknadsføring og kursing av medarbeidarar. Vi meiner det framleis er viktig for eit lokalsamfunn som Balestrand å ha ein eigen kino i bygda - der profilen og drifta vert styrt lokalt.

**Framlegg: Viktige oppgåver for å nå målet:**

**1. Opprusting av Bygdahuset i samarbeid med styret for huset.**

For å halde på publikum - og helst få fleire vaksne på kino.

- a) Nytt lerrett i framkant av scenen og dermed kunne flytte høgtalarane fram og såleis få både betre lyd og bilete
- b) Få oppjustert lyden til ny standard
- c) Frigjort rom til videoverkstad
- d) Nye surround-høgtalarar

2. Styrke økonomien gjennom

- a) tiltak for å auke besøkstalet t.d. satse på sal av firma-billetter
- b) auka satsing på kinoreklame (slides) frå det lokale næringsliv
- c) oppretthalde kommunalt tilskot til kinoen.

3. Oppretthalde og styrke kontakten med lokalavisene.

4. Skulefilm / barnehageframsyningar.

Vidare satsing på samarbeid med barnehagar og skular både kring framsyningar og prosjekt t.d. intervju med veteranar og publikum for å få fram stoff om saga til Friberg kino.

Januar 2001

Marianne Hoff  
kinosjef & skripar